

# Plansystem

## i Stad kommune

Dette dokumentet samlar informasjon om plansystemet i Stad kommune. Her kan ein mellom anna lese om plantypar, omgrepsapparat og bruk av Framsikt

## Innhald

Innleiing.....	3
Om plankultur .....	3
Plantypar .....	4
Planstrategi .....	4
Kommuneplan.....	4
Temaplanar .....	4
Fagplanar.....	5
Handlingsplanar .....	5
Verksemdsplanar .....	5
Kommunedelplanar .....	6
Reguleringsplanar .....	6
Element i samfunnsplanar .....	7
Målstruktur i samfunnsplanar .....	8
Operasjonalisering av planar .....	8
Framsikt .....	10
Planmodul .....	10
Økonomiplanmodul .....	10
Verksemdsplanmodulen .....	10
Rapporteringsmodulen .....	10

## Innleiing

Planlegging er å sette mål for utvikling av kommunen og å beskrive kva endringar som må gjennomførast for å nå desse måla. Gjennom planprosessane etablerer vi ei felles forståing for kva som skal til for at kommunen skal utvikle seg i ønska retning. Planane og innhaldet i desse dannar kommunen sin plattform for samarbeid med andre aktørar i lokalsamfunnet og i regionen. Innbyggjarar og andre aktørar blir invitert til å medverke i planarbeidet og sette mål for utviklinga.

Nokre planar er overordna, andre er meir detaljerte. Ein del av planane er utarbeidd i tråd med reglane i plan- og bygningslova, andre ikkje.

Dei strategiske planane for samfunnsutviklinga og tenesteproduksjonen i ein kommune vil som hovudregel vere politisk vedtatt. Gjennom å utarbeide og vedta strategiske planar, set folkevalde retning for utvikling av kommunen og kommunen sine tenester både på kort og lang sikt.


Dette dokumentet omtaler mellom anna kva ulike plantypar vi bruker i kommunen og målstrukturen i desse planane. I tillegg finst det definisjonar av omgrep slik at vi har ei felles forståing av ulike element (som mål, strategiar, tiltak, mm.) i planar. Vidare beskriv vi korleis vi jobbar med operasjonalisering av planar og medverknad og kommunikasjon.

Meir nyttig informasjon om planlegging ligg tilgjengeleg [HER](#).

## Om plankultur

Eit godt operasjonalisert og spesifisert planverk er avhengig av gode prosessar, som igjen er avhengig av ein kultur som vektlegg at gode planar er viktige styringsverktøy, der planarbeid og planprosessar blir prioritert tilstrekkeleg.


Planprosess omhandlar forholdet mellom politisk og administrativt nivå, tverrfagleg samarbeid i organisasjonen, metodikk for gjennomføring, tilgjengelege ressursar og metodikk for medverknad.



Figur 1: Plankultur, -prosess og operasjonalisering; Ruralis, 2021

Plankultur handlar om anerkjenning av at planarbeid og planprosessar er ei viktig investering og grunnlag for god styring, og at politikarane og administrasjonen er bevisst sine ulike roller. Ein «god» plankultur er naudsynt for å sikre at planprosess og planarbeid blir prioritert, og at politikarane sitt fokus dreier seg frå driftsrelaterte problem over mot samfunnsutvikling og overordna meir langsiktig styring av kommunen. Det handlar om å sette mål og retning for samfunnsutvikling gjennom gode planar. Gode planar er planar med tydeleg retning, der politikar sit i førarsetet, og der det har vore god medverknad.

## Plantypar



Figur 2: Samanheng mellom plantypar

### Planstrategi

Planstrategien er første ledd i kommunen sitt plansystem og langsiktige samfunnsplanlegging. Kommunestyret skal minst éin gong i kvar valperiode (fireårsperiode), og seinast innan eitt år etter konstituering, utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi. Formål med planstrategien er å vurdere kva planar som skal utarbeidast og reviderast i valperioden. Det skal i tillegg vurderast om det er behov for å revidere heile eller deler av kommuneplanen.

### Kommuneplan

Kommuneplanen er kommunen sin overordna styringsverktøy og inneheld to delar; ein samfunnsdel og ein arealdel. Samfunnsdelen legg føringar for samfunnsutvikling og tenester og beskriv langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon. Arealdelen fastset arealutviklinga, vekst og vern i kommunen, hovudtrekka i arealdisponeringa, og angir rammer og vilkår for nye tiltak og ny arealbruk.

Tidsrom: 12 år, revidering 4 år

Element: Visjon, samfunns mål, satsingsområde, mål for satsingsområde (hovudmål)

### Temaplanar

Temaplanar er kommunen sine strategiske planar om eit spesifikt tema. Temaplanar er langsiktige planar, men reviderast kvart fjerde år.

Kvar temaplan skal ta utgangspunkt i mål for satsingsområde (hovudmål) frå kommuneplanen sin samfunnsdel, og innehalde oversikt over kva mål temaplanen skal bidra til å nå.

Dei relevante måla blir konkretisert i innsatsområde, mål for innsatsområde (delmål) og strategiar.

Tidsrom: 12 år, revidering 4 år

Element: Innsatsområde, mål for innsatsområde (delmål), strategiar, handlingar (oppdrag, tiltak, investering, klimatiltak) i eigen handlingsdel

## Fagplanar

Fagplanar gjeld mindre fagområde, og er i mindre grad tverrfagleg. Dei byggar på temaplanar og/eller samfunnsdelen.

Tidsrom: 12 år. Etter vurdering kortare, revidering 4 år

Element: Gjenbruk av hovudmål frå overordna planar; etter behov nye delmål eller gjenbruk av delmål frå overordna planer; strategiar; handlingar (oppdrag, tiltak, investering, klimatiltak) i eigen handlingsdel

## Handlingsplanar

Plan for gjennomføring av handlingar. Handlingsplanar kan vere del av temaplanar og fagplanar.

Tidsrom: 4 år

Element: Oppdrag, tiltak, investering, klimatiltak

## Verksemdsplanar

Verksemdsplanen er eit administrativt verktøy som alle einingar skal utarbeide. Mål, strategiar og oppdrag frå kommuneplanen, temaplanar, fagplanar og handlingsprogram til økonomiplanen blir følgde opp og implementert i einingane gjennom verksemdsplanane.

Verksemdsplanar skal sikre samanheng mellom organisasjonen sine mål, tiltak og resultat, dessutan oppfølging av politiske vedtak, lover og forskrifter. Verksemdsplanar skal oppdaterast årleg.

Tabell 1: I kva planar skal kvart av elementa oppstå?

	Element	Kommuneplan	Temaplan	Fagplan	Handlingsplan	Verksemdsplan
Mål Kvar skal vi?	Visjon	Ja	Nei	Nei	Nei	Nei
	Samfunns mål	Ja	Nei	Nei	Nei	Nei
	Satsingsområde	Ja	Nei	Nei	Nei	Nei
	Hovudmål (Mål for satsingsområde)	Ja	Ja	Nei	Nei	Nei
	Innsatsområde	Nei	Ja	Ja	Nei	Nei
	Delmål (Mål for innsatsområdet)	Nei	Ja	Ja	Nei	Nei
Framgangs- måte/vegval	Strategi	Nei	Ja	Ja	Nei	Nei
Handling Korleis kjem vi oss dit?	Oppdrag	Nei	Ja	Ja	Ja	Ja og hente frå overordna plan
	Tiltak	Nei	Ja	Ja	Ja	Ja og hente frå overordna plan
	Investering	Nei	Ja	Ja	Ja	Ja og hente frå overordna plan
	Klimatiltak	Nei	Ja	Ja	Ja	Ja og hente frå overordna plan

## Arealplanar

### Kommunedelplanar

Ein kommunedelplan er ein plan for bestemte geografiske område (areal) som rettsleg sett har same status som kommuneplanen sin arealdel. Kommunedelplanen er handsama etter plan- og bygningslova sine reglar og skal avklare overordna arealpolitikk og hovudtrekka for arealdisponeringa for ein avgrensa del av kommunen.

Det vert vanlegvis stilt krav om reguleringsplan for heile eller delar av området som inngår i ein kommunedelplan, men for nokre bygge- og anleggstiltak kan ein avklare arealbruk direkte for handsaming av byggesøknad, jf. Plan- og bygningslova § 12-1.

### Reguleringsplanar

Ein reguleringsplan fastset bruk, vern og utforming av areal og fysiske omgjevnadar. Den består av eit detaljert arealplankart med tilhøyrande planføresegner og ei planskildring. For reguleringsplanar som kan få vesentlege verknadar for miljø eller samfunn, skal det utarbeidast ei konsekvensutgreiing.

Både offentlege og private aktørarar kan fremje eit planforslag og det er kommunestyret som endeleg vedtek reguleringsplanen.

Vi har to typar reguleringsplanar, områderegulering og detaljregulering:

#### *Områdereguleringsplanar*

Ein *områdereguleringsplan* skal vise arealbruken og viktige samanhengar i eit større område. Det er kommunen som utarbeider områderegulering, men kommunen kan overlate til andre myndigheiter og private å utføre planarbeidet i samarbeid med kommunen. Områderegulering skal gje naudsynnte områdeavklaringar der kommunen ser behov for dette og det kan settast krav om detaljregulering av avgrensa område i ein områdeplan.

#### *Detaljreguleringsplanar*

*Detaljregulering* er ein plan for gjennomføring av bygge- og anleggstiltak, fleirbruk og vern. Dersom det skal planleggast for eit avgrensa prosjekt, er detaljregulering godt eigna. Detaljregulering vert nytta for å følge opp og konkretisere den overordna arealdisponeringa i kommuneplanen sin arealdel eller områderegulering.

## Element i samfunnsplanar

### Om mål generelt

Mål beskriv ønska tilstand i framtida, det vil seie det ein forventar å oppnå når målet er realisert. I langsiktige planar vel Stad kommune å definere kvalitative mål, som betyr at måloppnåing ikkje er nærmare kvantitativ presisert. Mål skal vere eintydig utan kopla utsegner med fleire mål, slik at det kan tolkast likt av alle.

Mål formulerast i presens. Mål kan delast inn i underliggande mål.

### Visjon

Ein visjon er eit ideal, eit bilete av eit ideelt samfunn.

### Samfunns mål

Stad kommune har eitt samfunns mål som er beskrive i samfunnsdelen. Dette målet er eit kvalitativ mål utan nærmare kvalitativ presisering (visjonsmål). Målet er ein framtidig, ønska tilstand som beskriv korleis samfunnet skal utvikle seg.

### Satsingsområde

Eit satsingsområde beskriv tema vi skal prioritere for å nå samfunns målet. Dei omhandlar store overordna tema med langsiktig relevans.

### Hovudmål (Mål for satsingsområde)

Overordna kvalitative mål (visjonsmål) for kvart satsingsområde som er fastsett i samfunnsdelen og temaplanar om nødvendig. Det er kvalitative mål. Det kan vere fleire hovudmål knytt til kvart satsingsområde.

### Innsatsområde

Innsatsområde beskriv spesifikke felt i tema- og fagplanar vi skal prioritere for å nå målsetningane våre.

### Delmål (Mål for innsatsområde)

Delmål spesifiserer hovudmål. Det kan ofte vere fleire delmål for kvart hovudmål.

### Strategiar

Strategi er framgangsmåte/vegval; det som skal gjerast for å nå mål. Ein strategi beskriv summen av tiltak.

### Handlingar – Slik gjer vi det


Ein handling kan vere oppdrag, oppgåver, tiltak eller investeringar. Handlingar definerer korleis vi skal gjere ting for å nå mål.

### Indikator

Målte fakta om historisk situasjon som gir eit signal om tilstand/endringar. Det er mogleg å angi ønska framtidige verdiar for ein indikator for å konkretisere mål.

## Målstruktur i samfunnsplanar

Visjonen står på toppen av målhierarkiet. Den gjeld for heile kommunen og er noko vi strekker oss mot. Dette er den mest abstrakte målsetjinga vi har, med minst detaljeringsgrad. Jo lengre ned vi kjem i pyramiden, jo meir detaljert og konkret er måla. Som også betyr at måla nedst i pyramiden er meir fagspesifikke.



Figur 3: Målhierarki i Stad kommune sitt plansystem

## Operasjonalisering av planar


Føringar frå kommuneplanen inngår i overordna planar som temaplanar, kommunedelplanar og fagplanar. Desse overordna planane har eigne handlingsdelar som følgjer opp målsetningar og strategiar i planane og viser korleis kommunen skal jobbe.

Tiltak og oppdrag frå handlingsdelane blir lagt inn i Stad kommune sitt budsjett og handlingsprogram det året dei skal gjennomførast. Ved å integrere oppdrag og tiltak frå handlingsplanar i Stad kommune sitt budsjett og handlingsprogram og vidare i verksemdsplanar skal vi sikre god politisk og administrativ forankring og implementering av oppdrag og tiltak.

Gjennom verksemdsplanar blir oppdrag og tiltak delegert til ansvarlege einingar og følgt opp av desse.


Einingane rapportere på oppdrag og tiltak for å evaluere kor langt dei har kome med måloppnåing og sikre at administrasjonen jobbar etter kommunen sine vedtekne overordna planar og økonomiplanen.





Figur 4: Operasjonalisering av planar

Rapporteringa vil gje eit statusbilde av kor langt vi har kome. Dette blir utgangspunktet når vil revidere overordna planar samt handlingsdelar og utarbeide nye planar.



Figur 5: Mål, strategiar og tiltak

## Framsikt

Stad kommune bruker programsoftware «Framsikt» som ein skybasert løysing for heilskapleg verksemdsstyring. Oppbygginga av Framsikt tek utgangspunkt i kommuneplansystemet, og tek sikte på å binde saman alle element, frå planstrategi og kommuneplan, via temaplanar, handlingsprogram til verksemdsplanar og gjennomføring. Rapporteringa skal sikre oppdatering av status for dei ulike elementa i denne prosessen.

## Planmodul

I planmodulen kan vi utarbeide overordna samfunnsplanar. Avhengig av kva plan vi utarbeider kan vi opprette element som satsingsområde, mål, strategiar og handlingar. Desse elementa kan vi deretter bruke igjen i andre underliggende planar.

Når kommunen utarbeide økonomiplanen og budsjettet kan ein hente element frå planane vidare inn i økonomiplanmodulen.

## Økonomiplanmodul

I økonomiplanmodulen vises dei elementa ein har valt frå dei overordna planane som skal gjennomførast i denne perioden. Statusen på mål og handlingar som blir integrert i økonomiplanen blir oppdatert i planmodulen. Tiltak inngår i driftsbudsjettet og investeringar i investeringsbudsjettet. Oppdrag inngår i handlingsprogrammet.

Handlingar som blir lagt inn i økonomiplanmodulen er grunnlag for det vidare arbeidet med verksemdsplanar.

## Politikarmodulen

Politikarmodulen gjev folkevalt tilgang til å sjå kommunedirektøren si budsjettforslag, og moglegheit for å utarbeide eget budsjettforslag. I tillegg kan politikarane legge inn verbalvedtak.

Budsjettforslaga kan publiserast slik at innbyggjarane får innsikt i denne prosessen.

## Verksemdsplanmodulen

Verksemdsplanmodulen er eit administrativt verktøy for å sikre løpande heilskapleg verksemdsstyring gjennom heile året. Mål og oppdrag blir henta frå økonomiplanmodulen. Kommunedirektøren og kommunalsjefane delegerer oppdrag til einingane. Desse kan konkretisere oppdrag gjennom oppgåver. På denne måten vil einingsleiar få oversikt over forventningar frå leiinga, og oversikt over kva som må gjennomførast det gjeldande året.

## Rapporteringsmodulen

I rapporteringsmodulen rapporterer einingsleiar mellom anna på oppdrag frå verksemdsplanen.